



Helene Olli Sollid
Gripavegen 86
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1456 - 21/12156

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
23.02.2021

Fritak frå kravet om gjødselplan Gbnr 335/2

Administrativt vedtak: Saknr: 254/21

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 15.02.2026 for Gbnr 335/2, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket Helene Olli Sollid har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 335/2. Drifta er 45 vinterfora sauer, 2 ungdyr under 6 mnd og 2 mjølkekyr. Føretaket har 35 daa innmarksbeite, 17,4 daa overflatedyrka og 8,4 daa fulldyrka mark og leiger 24,4 daa innmarksbeite, 10,4 daa fulldyrka mark og 8,2 daa overflatedyrka. Driftsforma er utegangardrift og det vert difor lite oppsamla gjødsel som ho bruker i kjøkenhagen og marknadshagen ,og spreidd på bøane.Føretaket opplyser at ho ikkje nyttar kunstgjødsel.

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstentivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling. Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE)og har stort areal i høve til dyretalet. Dersom storfegjødsla skal komposterast ute må den skjermast mot avrenning t.d ved å leggja presenning over.

Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Kommunen oppmoder til å ta jordprøve for sjekke næringsinnhald i jorda for betre kontroll og gjødsling.

Regelverk

Gjeldande forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/1456»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Helene Olli Sollid

Gripavegen 86

5919

FREKHAUG